

Opningstale Dei nynorske festspela 13.6.2019: Landsmålet er ei harpe

Me menneske forstår verda ved hjelp av forteljingar. Det er ei kjend sak. Me ser føre oss at det eine leidde til det andre som leidde til det tredje, me stiller opp årsaker og konsekvensar og prøver å få det heile til å henga saman. Dersom dei store forteljingane våre går i oppløysing, blir me rådville og utrygge. Me misser oversynet, får kjensla av at alt flyt, og det er ikkje til å halda ut. Difor går me straks i gang med å laga nye forteljingar, men kanskje me denne gongen prøver å laga mange små forteljingar i staden for éi stor.

Språkhistoria er full av forteljingar som skal hjelpa oss med å forstå kva språket har vore gjennom. Språkhistoriebøkene er i grunnen ei samling historier om kva som har hendt med språket til ulike tider, og kven som var innblanda i det. Mange av desse historiene eller forteljingane har som utgangspunkt at språket er eit konkret objekt eller vesen som nokon gjer noko med.

Me kan til dømes tenkja oss at språket er ei plante som me menneske har ansvar for å stella og halda i live. Det er heilt vanleg at norske språkdebattantar argumenterer ut frå ei slik forståing av språket. I ein kronikk våren 2017 skreiv forfattarane Tom Egeland, Finn Iunker og Helene Uri at bokmålsrettskrivinga er eit villnis, altså ein tett og ugjennomtrengjeleg småskog, og dei meinte at det var på høg tid å rydda opp i bokmålet.

Til grunn for argumentasjonen deira låg ei førestilling om at skriftspråket er ein hage, eller kanskje ein del av eit kulturlandskap, og at språkbrukarane er gartnarar. Med det som utgangspunkt fortalde dei tre forfattarane ei forteljing som kan oppsummerast slik: Bokmålshagen har i mange tiår fått for dårleg stell. Språkbrukarane – og spesielt Språkrådet – har vore for slappe med hagesaksa. Dei har ikkje trimma buskane, luka ugraset eller klipt plenen, og no er bokmålet overgrott og vanskeleg for folk å ta seg fram i. Me har svikta som gartnarar.

Det er ikkje vanleg å bruka *så* mange botaniske uttrykk som det eg nettopp gjorde, men ideen om at språket er eit sjølvstendig, levande vesen, er innarbeidd i oss alle. Det er difor me pratar om daude og levande og utrydningstruga språk, og det er difor me talar om *språkrøkt* på same måte som me talar om *birøkt* og *fjøsøkt*.

Men lat oss ta ei anna forteljing, ei forteljing om Ivar Aasen og landsmålet, fortald av ei kvinne på eit tidspunkt då landsmålsprosjektet framleis var i startgropa.

Aasta Hansteen var kunstnar, kvinnesakskvinne og forfattar, fødd og oppvaksen i Kristiania, og ho var ein av dei aller fyrste som tok til å skriva landsmål. I 1862 gav ho ut boka *Skrift og Umskrift i Landsmaalet*. Heilt fremst i boka står diktet «Visa um harpa», der me

får høyra om ei gamal harpe som blir sett til sides og gløymd. Hundreåra går utan at nokon brukar harpa, ho blir dekt av støv og kongrovev, og til sist sig ho ned i grunnen.

Så kjem ein mann som grev i jorda med stor ihuge, for han veit at harpa er der nede. Mannen finn harpa og ser til si store glede at ho er like heil. Nokre av dei vakre utkrotingane er slitne av, men alle strengene sit framleis på. Den snille mannen tek harpa opp og stiller henne så ho atter kling reint og fint.

Me skjønar at mannen i diktet er Ivar Aasen, og at harpa er det norske skriftmålet. Det Aasta Hansteen gjer her, er å ta utgangspunkt i ei vanleg førestilling som mange av oss har utan å vita om det, nemleg at språket er eit musikkinstrument, at språkbrukaren er ein musikar, og at språkbruken vår er musikk. Hansteen fortel i diktet at Aasen fann ei harpe og sette henne i stand. Aasen er altså ikkje ein *instrumentmakar*, slik Hansteen ser det: Han har snarare reparert eller restaurert eit instrument som alt fanst.

Den framstillinga er i tråd med noko Aasen sjølv skreiv i eit innlegg i Budstikken i 1861, året før boka til Hansteen kom ut. Aasen var irritert over meiningsmotstandarane som hevda at det han dreiv med, var å «arrangere», «construere», «componere», «opfinde», «gjøre» eller «skabe» eit språk. Som Aasen repliserte: Det er skilnad på det å laga ein ting og det å ta ein ting i bruk.

Landsmålet var sjølv sagt ikkje ein fiks ferdig ting som Aasen berre kunne ta i bruk sånn utan vidare. Men det er heller ikkje rett å seia at han fann opp dette språket eller konstruerte det frå botnen. Framstillinga – eller forteljinga – til Hansteen er slik sett meir presis. Når ho skildrar landsmålet som eit bortgløymt instrument som måtte gravast opp og setjast i stand, får ho framheva både kontinuiteten til språket og innsatsen til Aasen.

Eg kunne ha stått her og fortalt heile kvelden, for språkhistoria er som sagt full av historier om kva språket er, og kva som hender med det. Knud Knudsen tenkte seg til dømes at landsmålet var eit hus som var bygt ovanfrå og ned. Mange folk i dag ser føre seg at dialektane er flytande substansar som blir utvatna av bokmålet. Men eg vil runda av denne talen med å peika på ein vakker, men litt pussig detalj frå det nemnde harpe-diktet til Aasta Hansteen. I sjette strofe skildrar ho det gode arbeidet Aasen har gjort med harpa. Eg siterer:

Meisteren, so reint han hever henne stilt,
so at no kann vesol genta, liten pilt,
med dei fingrar smaa,
henne spela paa.

Små jenter og gutar kan spela på harpa, seier Hansteen – eller dikt-eg-et. Det strider mot det me elles veit om gamle musikkinstrument. Dei instrumenta som er fleire hundre år gamle, er ofte

så verdfulle eller så skøyre at berre utvalde personar med spesialkompetanse får handtera dei. Slik er det ikkje med den gamle landsmålsharpa, om me skal tru Hansteen. Den harpa er så solid og god at jamvel born kan få spela på henne med dei små fingrane sine.